



MØTEINNKALLING

Organ: SGN REGIONRÅD

Møtestad: Blix Hotell, Vik

Møtedato: 19.02.2021

Tid: 09:30 - 14:30

Eventuelt forfall skal meldast til dagleg leiar. Varamedlemmar møter etter nærmere avtale.

Dagsorden

0930 Ordførar Roy Egil Stadheim ønskjer velkommen til Vik

Oppmøte

Godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjenning av protokoll frå møtet 11.12.2020

Handsaming av saker

1130 Lunsj

Orienteringar (digitalt):

1215 Masterplan for reiselivet
Status for fellesgodefinansieringsprosjektet
Reiselivsdirektør Ståle Brandshaug Visit Sognefjord

1300 Grøn Region Vestland – oppfølging av Vestlandsscenario 2020
Seksjonssjef Kathrin Jakobsen og prosjektleiar Lasse Kolbjørn Anke Hansen,
Vestland fylkeskommune

1330 Utviklingsprosjekt NAV region Sogn
Direktør Anne Kverneland Bognes, assisterande direktør Bjarte Hysing-Olsen
og prosjektleiar Frode Henden, NAV Vestland

1400 Sekom – sekretariat for kommunale kontrollutval
Styreleiar Per Rune Vereide og dagleg leiar Arnar Helgheim, Sekom

1430 Møtet slutt.

SAKLISTE

Saksnr.	Arkivsaksnr. / Tittel
---------	-----------------------

1/21	21/933-1 Val av leiar i Sogn regionråd 2021
------	---

2/21	20/1870-3 Vedtekter Sogn regionråd
------	--

3/21	20/3356-5 Avtale om drift av sekretariatet for Sogn regionråd
------	---

4/21	21/1091 Orienteringssaker
------	-------------------------------------

Sogndal, 12. februar 2021

Ivar Kvalen
leiar

Karina Nerland
dagleg leiar

Sogn regionråd

Saksh.: **Karina Nerland**
Arkivsak: **21/933**

Arkiv: **033 &85**

**Saksnr.: Utval
1/21 Sogn regionråd**

**Møtedato
19.02.2021**

Sak 1/21

Val av leiar i Sogn regionråd 2021

Tilråding:

- vert vald som leiar i rådet for 2021
- vald som nestleiar i rådet for 2021

Saksutgreiing:

I samsvar med vedtekten § 3 skal det veljast leiar og nestleiar i første rådsmøte kvart år. Praksis dei siste åra har vore at leiar har hatt vervet i to år. Oversyn over leiarverva dei seinare åra:

Ivar Kvalen, Luster kommune leiar frå november 2019 med Hilmar Høl, Årdal kommune som nestleiar
Jan Geir Solheim, Lærdal kommune var leiar i 2018-2019
Petter Sortland, Høyanger kommune var leiar i 2016 og 2017
Harald N. Offerdal, Balestrand kommune var leiar i 2014 og 2015
Norald Distad, Aurland kommune var leiar i 2012 og 2013
Torodd Urnes, Luster kommune var leiar i 2010 og 2011
Jarle Aarvoll, Sogndal kommune var leiar i 2009
Marta Finden Halset, Vik kommune var leiar i 2008

Sogn regionråd

Saksh.: **Karina Nerland**
 Arkivsak: **20/1870**

Arkiv: **039 &00**

Saksnr.: Utval
 3/20 Sogn regionråd
 2/21 Sogn regionråd

Møtedato
 28.02.2020
 19.02.2021

Sak 2/21

Vedtekter Sogn regionråd**Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek følgjande endring i vedtektene gjeldande frå 2021:

§ 5 Økonomi

(..) Som hovudprinsipp skal kontigenten delast slik: 35 prosent er lik grunnsum for alle kommunane, 65 prosent skal vera eit kronebeløp pr innbuar (...).

Vedlegg:

Framlegg til vedtekter for Sogn regionråd

Saksutgreiing:

I samband med endringa frå 9 til 7 kommunar frå 2020 vedtok regionrådet i møtet 28.2.2020 endra fordelingsnøkkelen til 40 prosent fast og 60 prosent etter folketal.

I sak om budsjett for 2021 vedtok rådet i møtet 11.12.2020 ein fordelingsnøkkelen med 35 prosent fast og 65 prosent etter folketal. Grunngjevinga for endringa er at andre interkommunale samarbeid bruker fordelingsnøkkelen 5 prosent pr samarbeidskommune som fast og resten etter folketal. Endringa av fordelingsnøkkelen er lagt inn i framlegg til endra vedtekter §5 Økonomi.

Vedlegg

Framlegg til endra vedtekter for Sogn regionråd:

§ 1 Føremål

Sogn regionråd er skipa som eit interkommunalt selskap med heimel i § 27 i kommunelova. Rådet er sett saman av kommunane i Aurland, Høyanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

Sogn regionråd skal vere ein felles arena med fokus på å sikra og vidareutvikle rammevilkåra for busettad og næringsliv i regionen. Sogn regionråd skal òg fungere som base for definerte prosjekt og vidare ha som mål å samordne og forenkle oppgåver for eigarane.

§ 2 Medlemsskap

Medlemer i regionrådet er dei kommunane som nemnde i § 1. Dersom det er tenleg, kan rådet etter vedtak i rådsmøtet, ha formelt samarbeid med andre kommunar, organisasjonar, institusjonar og samarbeidstiltak.

Utmelding kan skje med 6 månaders skriftleg varsel til rådet, likevel slik at utmeldinga skjer frå eit årskifte. I så fall heftar kommunane for sin del av dei fellesutgifter rådet måtte ha påteke seg før utmeldinga vert sendt, og for eventuelle sams administrasjonsutgifter i utmeldingstida.

§ 3 Rådet

Ordføraren er kommunen sin representant i rådet, med varaordføraren som vararepresentant. I høve kommunelova § 27 er rådet styre. Rådmennene kan møte, men då berre med talerett. Sekretær møter med tale- og framleggsrett.

Rådet er vedtaksført når minst 2/3 av medlemmene er tilstades. Rådet vert vanlegvis kalla inn 14 dagar på førehånd. Det skal setjast opp møteplan for eitt år om gongen.

På fyrste rådsmøte kvart år skal det:

- veljast leiar og nestleiar
- leggjast fram årsmelding og arbeidsplan

§ 4 Sekretariat

Rådet kan kjøpe sekretariathjelp som står for den daglege drifta av rådet innanfor dei råmene som er fastsett av rådet. Rådet kan elles be om hjelp frå medlemskommunane i høve sekretariatet sine oppgåver.

Sekretariatet skal syte for å halde kommunar og rådsmedlemmer orienterte om verksemda i rådet, og stå for praktisk arbeid etter vedtak i rådet.

§ 5 Økonomi

Partane i samarbeidet ber sjølve utgiftene til møte, reise, diett m.v. i samband med rådsmøta. Det same gjeld utgifter med tillitsfunksjonar rådsmedlemmene deira vert valde til.

Medlemskommunane betalar ein kontingen til rådet. Storleiken på denne kontingenen skal dekkja sekretariatsfunksjonen, disponible midlar for rådet og midlar til prosjekt som rådet har vedteke.

Som hovudprinsipp skal kontingenen delast slik: 35 prosent er lik grunnsum for alle

kommunane, 65 prosent skal vera eit kronebeløp pr. innbuar. Rådet kan i særskilde prosjekt vedta at alle kommunane skal betale ein lik sum.

Den økonomiske råma for Sogn regionråd si verksemd skal inngå i årsbudsjettet til den deltakarkommunen rådet kjøper sekretærtenester hjå. Regionrådet vedtek sjølv den nærmere fordelinga av den økonomiske råma på bakgrunn av tilråding frå sekretær. Ein viser elles til § 13 i forskrifter om årsbudsjett av 15.desember 2000.

Rekneskapet for Sogn regionråd si verksemd skal inngå i årsrekneskapet til den deltakarkommunen rådet kjøper sekretærtenester hjå. Regionrådet vedtek sjølv rådet sitt rekneskap og årsmelding på bakgrunn av tilråding frå sekretær innan 1.april. Ein viser elles til § 12 i forskrifter om årsrekneskap og årsmelding av 15.desember 2000.

§ 6 Endring av vedtekten

Endring av vedtekten skal gjerast av rådet med 2/3 fleirtal. Rådsmøtet som endrar vedtekten skal varslast minst 3 veker på førehand. Alle kommunane skal vere representert på eit slikt møte.

§ 7 Opplysing

Rådet kan opplysts av rådsmøtet med 2/3 fleirtal. Slikt rådsmøte skal kallast saman med ein frist på 6 månader og alle kommunane skal vere representerte.

Sogn regionråd

Saksh.: **Karina Nerland**
 Arkivsak: **20/3356**

Arkiv: **026**

**Saksnr.: Utval
3/21 Sogn regionråd**

**Møtedato
19.02.2021**

Sak 3/21

Avtale om drift av sekretariatet for Sogn regionråd**Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek avtale om drift av sekretariat for Sogn regionråd slik han ligg føre.

Vedlegg:

Framlegg til avtale om drift av sekretariat for Sogn regionråd
 Oversikt over økonomi og kostnader, samt husleige

Saksutgreiing:


Grunna ny kommunestruktur er det utarbeidd ny avtale mellom Sogn regionråd og Sogndal kommune om drift av sekretariatet for Sogn regionrådet.

Avtalen for regionrådet er utarbeidd parallelt med andre samarbeidsavtaler mellom kommunane. Arbeidet med desse nye avtalane har teke lenger tid enn føresett og ny avtale gjeld frå 2021.

Som orientert om i budsjettsaka for 2020 vart nye Sogndal bedne om å sjå på administrative kostnader og husleige for regionrådet i ny avtale. Rådmannsgruppa vurderte kostnadane som høge i gjeldande avtale. Punkt 5 om kostnader og økonomi er endra i samsvar med prinsippa som ligg til grunn i dei andre samarbeidsavtalane. I ny avtale utgjer dei administrative kostnadane 4 prosent av lønsutgiftene inkl sosiale utgifter og husleiga vert fastsett etter mal med 23 kvm pr arbeidsplass som er etter statens arealnorm for slike avtaler. Dei same vilkåra vil gjelde for andre stillingar i regionrådet. Kostnadane vil med denne avtalen gå noko ned for regionrådet.

Framlegg til avtale vart lagt fram for rådmannsgruppa i sist møte 3. februar. Det var ikkje merknader til avtalen.

AVTALE
om drift av
sekretariatet for Sogn regionråd
mellom
Sogndal kommune
og
Sogn regionråd



1. Bakgrunn

Sogn regionråd kan kjøpe sekretariathjelp som står for den daglege drifta av rådet innanfor dei rammene som er fastsett av rådet. Rådet kan elles be om hjelp frå medlemskommunane i høve sekretariatet sine oppgåver.

Sekretariatet skal syte for å halde kommunar og rådsmedlemmer orienterte om verksemda i rådet, og stå for praktisk arbeid etter vedtak i rådet.

2. Avtalepartar

Denne avtala gjeld mellom:
Sogn regionråd

Sogndal kommune

3. Føremål

Føremålet med Sogn regionråd er å vera ein felles arena for samfunnsutviklande prosesser med fokus på å sikra og vidareutvikle rammevilkåra for busettnad og næringsliv i regionen. Sogn regionråd skal òg fungere som base for definerte prosjekt og vidare ha som mål å samordna og forenkla oppgåver for eigarane.

Sekretariatet i Sogn regionråd skal bidra til at arbeidet i rådet skjer i samsvar med dette føremålet.

4. Organisering og tenester

Sogndal kommune skal levere sekretariatstenester til Sogn regionråd.

Sekretariatsoppgåvene vil omfatta følgjande:

- førebuing, gjennomføring og oppfølging av møta i Sogn regionråd og grupper under Sogn regionråd
- føre rekneskap og arkiv
- gjennomføre prosjektarbeid
- i samråd med leiaren av rådet informere om Sogn regionråd og representere rådet i møter med andre instansar

Sogn regionråd og leiinga i rådet gjer prioriteringane som grunnlag for arbeidet til sekretariatet. Desse prioriteringane blir gjort i samband med budsjett/årsplan og møta til regionrådet. Leiaren i rådet godkjenner saklista. Dagleg leiar gir tilråding til regionrådet.

Sogndal kommune ved rådmannen har mynde til å tilvise utbetaling av midlar i samsvar med vedteke budsjett til rådet.

Mynde gjeve rådmannen i Sogndal kan delegerast vidare.

For å ivareta sekretariatsfunksjonen vil Sogndal kommune nytte eitt årsverk til oppgåva som sekretær for Sogn regionråd.

Den som er tilsett i stillinga vil vere kontaktperson for rådet og ivareta den daglege drifta. Sogndal kommune har det formelle arbeidsgjevaransvaret. Det ligg til Sogn regionråd å gjennomføra medarbeidarsamtale og føreta lønnsfastsetjing for dagleg leiar.

Sogndal kommune vil stille kontor, teknisk utstyr (telefon og pc), arkiv og andre merkantile funksjonar til disposisjon.

5. Kostnadene og økonomi

Kostnadane med sekretariathjelp vert innarbeidd i Sogn regionråd sitt budsjett. Sogn regionråd betaler årleg lønsutgifter inkl sosiale utgifter, administrative utgifter og husleige til Sogndal kommune for kjøp av desse tenestene.

Dei administrative kostnadene er fastsett til 4 prosent av lønskostnadane (lønn, pensjon og arbeidsgjevaravgift). I denne summen inngår alle løpende utgifter ved drifta til sekretariatet (økonomi, personal, post og arkiv).

Husleige er fastsett etter mal med 23 kvm pr stilling/arbeidsplass som er i samsvar med statens arealnorm. Kostnaden er kr 2300 pr kvm som inkluderer tilrettelagt kontorplass (PC, fast telefon, kopiering, datatilgang, epost mm). Dette beløpet vert justert årleg, tilsvarande deflator i statsbudsjettet.

Dei same vilkåra gjeld for andre faste stillingar inkl. prosjektstillingar som går over tid, men gjeld ikkje for tidsavgrensa tilleggsressursar.

Sogndal kommune fakturerer med to å-kontorekningar og ei avrekning per år. Oversikt over økonomi og kostnader, samt husleige følgjer av vedlegg til denne avtalen.

Rekneskapen for Sogn regionråd inngår som eige ansvar i Sogndal kommune sitt rekneskap og vert revidert som del av Sogndal kommune sitt rekneskap. Fondsmidlane til Sogn regionråd vert ført som bundne driftsfond i Sogndal kommune sitt rekneskap. Påløpne renter skal godskrivast Sogn regionråd sine fond.

Vertskommune fakturerer kontingenent i samsvar med vedteke budsjett og fordeling til medlemskommunane i løpet av første halvår i rekneskapsåret. Vert det gjort budsjettendringar skal dette takast omsyn til ved seinare faktureringar.

6. Oppseing

Partane kan gjensidig trekke seg ut av samarbeidet med eitt års varsel.
Det må varslast skriftleg til den andre parten innan 31.12 for opphør av avtalen frå neste årsskiftet.

7. Twisteløysing

Dersom det oppstår twist om tolking og/eller praktiseringa av denne avtalen, skal twisten først søkast løyst i minneleg form. Dersom dette ikkje fører til semje, skal twisten løysast ved voldgift i samsvar med Lov om voldgift av 14.05.2004 nr. 25.

Avtalen er utskriven i 2 eksemplar, eit til kvar av partane.

Vedlegg:

Oversikt over økonomi og kostnadar, samt husleige.

Sogndal, xx.xx. 2021

Ivar Kvalen
leiar i Sogn regionråd

Ellen Njøs Lillesvangstu
rådmann Sogndal kommune

Sogn regionråd

Saksh.: **Karina Nerland**
 Arkivsak: **21/1091**

Arkiv: **062**

Saksnr.: Utval
4/21 Sogn regionråd

Møtedato
19.02.2021

Sak 4/21

Orienteringssaker**Tilråding:****Orienteringar og drøftingar**

1. Leiar – årshjul for viktige oppgåver
2. Samferdslegruppa – vedlegg samferdsleplanen
3. Styringsgruppa Sogn for alle
4. Innspel frå medlemane
5. Rådmannsgruppa
6. Administrasjonen
7. Masterplan for reiselivet og status for fellesgodefinansieringsprosjektet v/ reiselivsdirektør Ståle Brandshaug Visit Sognefjord
8. Grøn Region Vestland – oppfølging av Vestlandsscenario 2020 v/ seksjonssjef Kathrin Jakobsen og prosjektleiar Lasse Kolbjørn Anke Hansen, Vestland fylkeskommune
9. Utviklingsprosjekt NAV region Sogn v/ direktør Anne Kverneland Bogsnes, assisterande direktør Bjarte Hysing-Olsen og prosjektleiar Frode Henden, NAV Vestland
10. Sekom – sekretariat for kommunale kontrollutval v/ styreleiar Per Rune Vereide og dagleg leiar Arnar Helgheim, Sekom.

Skriv og meldingar

1. Regionalplan for tverrfagleg spesialisert behandling 2021-2025 - fråsegn 26. januar 2021
2. Statnett si konseptvalutgreiing for behovsvurdering og ekstern kvalitetssikring for Bergen og omland - fråsegn 31. januar 2021
3. Partnarskapsavtale for fleire lærepllassar i Sogn – signert.
4. Regionrådssamarbeid – framlegg til vidare prosess



Helse Vest RHF
post@helse-vest.no
sak 2020 / 1115

Høyringsfråsegn frå Sogn regionråd – Regional plan for TSB 2021-2025

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Høyanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Sogn regionråd stiller seg fullt bak fråsega frå Høyanger kommune den 26.1.2021 utarbeidd av ordførar Petter Sortland som vi gjengir under:

«HØYRINGSUTTALE FRÅ HØYANGER KOMMUNE - REGIONAL PLAN FOR TSB 2021 - 2025

Syner til dykkar brev datert 10.12.20 – dykkar ref. 2020 / 1115. Høyanger kommunestyre har i møte 26/01 2020 i sak nr. 003/21 gitt underteikna som ordførar fullmakt til å gi følgjande uttale til dykkar regionale plan for TSB 2021.

Høyanger kommune er vertskommune for Helse Førde sin aktivitet på Tronvik.

I dag driftar Helse Førde, med tilskot frå Helse Vest, Rus døgn på Kyrkjebø med 15 senger. 7 senger er nytta til avrusing/stabilisere, 7 senger til seinstabilisere / rehabilitering, og 1 seng er nytta som brukarstyrt seng.

Helse Førde sine planar for utbygging / nybygg i Førde fører til at DPS døgn på Tronvik vert flytta til nybygg i Førde ila 1. halvår 2021. Dette vil igjen føre til mykje ledig areal i gode bygningar på Tronvik. Det er derfor ynskjeleg at ein vurderer ulike alternativ for ei eventuell utviding av rustilbodet som allereie er ved hovudbygget på Tronvik.

Høyanger kommune har i sitt engasjement for å utvide og utvikle Tronvik, også etter at DPS døgn vert flytt til Førde, skaffa seg god kunnskap om mogelegheitene som finst på Tronvik.

Vi vil i det vidare saman peike på kva Høyanger kommune meiner ledig areal ved Tronvik kan nyttast til.

Då lokal sikkerheitsavdeling vart avvikla på Tronvik i 2013 vart DPS døgn flytta over i desse lokala. Dette fordi ein vurderte avdelinga som betre egna enn lokale DPS hadde vore i, mykje på grunn av at desse bygningane hadde bad i alle rom.

Etter flyttinga vart ei heil avdeling ståande tom. Denne avdelinga hadde 11 pasient rom.

Når DPS flyttar våren 2021 vil nok ein bygning bli stående tom på Tronvik. I denne bygningen er det også 11 pasientrom. Det er i fyrste omgang denne bygningen vi meiner Helse Vest må legge eit utvida rustilbod.

Spesialisthelsetenesta har eit stort ansvar for personar med skadeleg bruk og avhengigheit til rusmiddel. Spørsmålet vi som vertskommune stiller er kva skal Helse Vest tilby utover det ein allereie tilbyr?

Det er dei regionale helseforetaka sitt ansvar å syte for spesialisthelsetenester som også femner om rusbehandling. Rustiltak på spesialistnivå definerast som TSB. (tverrfaglig spesialisert behandling).

TSB femner om avrusing, akutt behandling, utredning og spesialisert behandling (poliklinisk eller institusjon), institusjonsplasser der rusavhengige kan bli holdne tilbake utan eige samtykke (tvang) og legemiddelassistert rehabilitering.

Det er Høyanger kommune sitt ønske at Helse Vest vil utvikle og utvide Tronvik som spesialisert rusbehandling-døgn (TSB).

Vi vil kort gjere greie for nokre alternativ for aktuell drift og utviding i punkta under:

Det må vurderast å utvide dagens tilbod med fleire senger. All naudsynt infrastruktur ligg til rette for dette på Tronvik. Anlegget på Tronvik er verna, og Helse Vest og / eller Helse Førde må ha ein eller anna slags form for aktivitet på eigedomen.

Tronvik har i dag eit godt tilbod med fokus på rus, somatikk og sosialt arbeid. Høyanger kommune har kunnskap om at pasientane verdset Tronvik sitt behandlingsfokus basert på fysisk aktivitet i unik natur, og med flotte lokale tilbod som symjehall, klatretilbod, og mogelegheiter for skaktivitetar av ymse slag berre minuttar frå institusjonen. Tronvik har mange pasientar som ønskjer seg til staden, og som set Tronvik opp som førsteväl på «fritt behandlingsvalg» på bakgrunn av tilboden som vert gjeve, og av di dei har fått kjennskap til staden av andre som har vore der. Tronvik og Høyanger kommune samarbeider tett og godt til det beste for pasientane, og begge partar stiller opp for kvarandre i ulike typar samarbeidsmøte året rundt. Tronvik har også eit godt ry på seg for å ta den somatiske helsa til pasientane på største alvor.

Vi har registrert at spesielt Helse Bergen har eit aukande behov for behandling av pasientar som treng lengre tid til rehabilitering, enn det både Tronvik og andre tilbyr i dag.

Kunne Tronvik fått høve til å prøve ut ein modell der ein fekk meir tid til å kvalitetssikre prosessen for tilbakeføring til heimkommunen? Då ser vi føre oss ein prosess med planlagde permisjonar, og oppfølging frå kommunane. Ein kunne på ein betre måte ha sikra intensjonen i «pakkeforløpet» med tett samarbeid og gjerne planlagde re-innleggningar i eit løp til varig betring.

Tverrfaglig spesialisert behandling av rusmiddelproblem (TSB) omfattar og tilbod om dagbehandling. TSB er heimla i spesialisthelsetenestelova, og pasientane sine rettar går fram av lova for pasientrettar. Dagbehandling vert tilbydd pasientar som har trond for behandling, men ikkje treng innlegging. Dagbehandling vert ofte tilbydd til pasientar i forlenginga av eit opphold på en døgninstitusjon.

Dagbehandling består av individuell behandling i form av samtalar og eventuelt kartleggingar eller deltaking i ulike grupper. Gruppetilboda varierer og kan være samtalegrupper, behandlingsgrupper, kreative grupper eller treningsgrupper.

ROP pasientar er ei av dei pasientgruppene som nokon må ta ansvar for, men som i dag ikkje fungerer optimalt. Pasientar med alvorleg psykisk liding i kombinasjon med skadeleg bruk/avhengigkeit av rusmidlar, er dei pasientane som ein evnar å hjelpe minst i dag.

Vi er kjend med at Elin Lysne ved Tronvik var for nokre år sidan i kontakt med Anne Landheim, (forskningsleiar ved Korus-Øst som er nasjonalt kompetansesenter for ROP-behandling), og Gerd Helene Irgens (dåverande avdelingsleiar for kvalitet og sikkerhet ved Bergensklinikken) for å diskutere kva type pasientar vi ikkje når i dag med dei tilboda vi har i vår region. Både Landheim og Irgens var tydelege på at sjølv om ROP-pasientar skal bli ivareteke i generell PHV, fell dei utanom også der.

Difor er det viktig å ha eit godt tilbod til denne sårbare gruppa i vår region. Noko vert dekka av andre institusjonar, men det er likevel denne gruppa som har det därlegaste tilboden i vår region. Skal ein ta mål av seg å ha ei slik eining i Helse Vest sitt område, var rådet frå Landheim og Irgens at ein starta med ei mindre gruppe pasientar. Dette kan vere tenleg for både pasientane og dei tilsette å ha ei avdeling med grei oversikt over oppgåver knytt til pasientar med denne utfordringa.

Nokre opioidavhengige har behov for eit «stabiliseringsopphold» før eventuell oppstart i LAR. Pasientar som allereie er i LAR og opplever tilbakefall, kan ha behov for eit «stabiliseringsopphold» for så å komme tilbake til sin heimkommune og fortsetje LAR – behandlinga.

Tronvik med si lokalisering, bygningsmessige fortrinn og faglege tilbod må etter vår vurdering egne seg særskilt godt til dette. «Heile helseregionen vår etterspør eit slikt spesialisert tilbod» sa tidlegare ruskoordinator Harald Munkvold i Helse Førde i 2019. Ein kan og tilby opplegg for «exit LAR» som fleire og fleire pasientar etterspør. Eit slikt tilbod på døggnivå finn ein ikkje i landet.

Etter Høyanger kommune sitt syn bør det vere ei målsetting at Tronvik lukkast i å bygge eit større fagleg miljø. Eit samarbeid med Helse Bergen om LIS-opplæring er slik vi forstår det lansert, og dette ville etter vårt syn vore eit spennande utviklingsprosjekt. Det ville og etter vårt syn ha gjeve eit godt tilbod til komande spesialistar i psykiatri og rusmedisin ved å ha ein fast, stabil læringsinstitusjon i Helse Vest sin regi.

Høyanger kommune trur det kunne vore spennande å få knytt til seg nokre av ressursane som kom frå Bergensklinikken til Helse Bergen i eit prosjekt for å bygge kompetanse, og å utvide samarbeidet med Helse Bergen.

Høyanger kommune er kjend med argument om at det er utfordrande å rekruttere fagpersonell til Tronvik. Fakta som Høyanger kommune har fått tilgang til frå arbeidet med rekruttering ved Tronvik dei siste to månadene i 2020, fortel at institusjonen har hatt 3 stillingar utlyst; Ein fast stilling som sjukepleiar / vernepleiar, ein fast stilling som helsefagarbeidar, og ein stilling i eit vikariat for sjukepleiar/vernepleiar i eit år. Alle stillingar er no dekka av kvalifisert personell. Tronvik hadde fleire kvalifiserte søkerar til alle stillingane. Det er også lyst ut ein stilling som LIS-lege. Der har ein dverre ingen søkerar. Det er likevel viktig å informere om at klinikken i Førde også har ein LIS stilling utlyst, og heller ikkje der er det søkerar.

Så det er ikkje slik at det kun er hjå Tronvik at det er vanskar med å få tak i legar og psykologar. Dersom Tronvik hadde fått lyst ut samla for ei ny avdeling, så kan det godt

hende ein hadde fått tak i alle typar fagfolk. Det er alltid interessant å få vere med å bygge opp noko nytt.

Høyanger kommune vil også peike på at Tronvik har klart å rekruttere overlege to gonger dei siste åra, og at det i stillingar som behandler heile tida har vorte tilsett godt kvalifisert personell. Tronvik har også over tid hatt greitt med kvalifiserte søkerar til ledige stillingar som miljøterapeut.

Eg tillèt meg å kippe inn nokre avsnitt frå Helse Førde sine innspeil til Helse Vest sin TSB 2021-25. Notatet er datert 08.06.20 og dykkar ref. er; 2020 / 160;

«Vår vurdering er at vi i dag driv TSB døgnbehandling av god kvalitet ved Rus Døgn Tronvik, og at det er gode føresetnader for å utvide TSB døgntilbod ved Tronvik. Det er godt eigna bygningsmasse, det er høveleg avstand til både Bergen, Førde og andre tettstader i Vestland. Både staden og omgjevnadene gir gode rammer for TSB døgnbehandling. Det er i dag både aktivitetsavdeling og treningsstilbod ved Tronvik. Helse Førde har i dag noko overkapasitet på TSB-døgnplassar for eige opptaksområde. Rus-døgn ved Tronvik har eit stort innslag av pasientar frå andre helseføretak i Helse Vest. Andre Helseføretak har i perioden 2013-2019 nytta 63% av liggedøgna ved Rus døgn Tronvik, der Helse Bergen står for 54% av liggedøgna. Vår vurdering er at Hele Førde samla treng 12-14 døgnplassar TSB, i tillegg til noko kjøp av spesialiserte døgnplassar anten i Helse Vest sine avtaleinstitusjonar og i nokre tilfelle i andre helseføretak eller private/ideelle.»

Helse Førde sine planar for nybygg til Psykisk helsevern i Førde medfører at DPS døgn Tronvik vert flytta til nybygg i Førde i mars 2021. Dette vil føre til mykje ledig areal i gode bygningar på Tronvik. Dette er bygningsmasse som er verna, og som uansett vil måtte bli vedlikehalde frå Helse Førde.

Helse Førde meiner det er ønskjeleg at Helse Vest saman med Helse Førde vurderer ulike alternativ for ei eventuell utviding av TSB-tilbodet som allereie er på Tronvik. Ein vil kunne ta i bruk eksisterande bygg utan vesentlege tilpassing. Ei utviding av tilbodet ved Tronvik føreset at på bakgrunn av regional behovs-analyse har behandlingsbehov som kan dekkast frå Tronvik. Etter vår vurdering er det naturleg at ein ser på dette saman med alle helseføretaka i Helse Vest når ein no er i vurderingsfasen for utlysing av nye kontaktar innanfor TSB til private/Ideelle. Ein bør sjølvsagt og ta vurderinga med i arbeidet med regional plan for TSB.

Spesialisthelsetenesta har ansvar behandling til personar med skadeleg bruk av og avhengigheit til rusmiddel. TSB omfattar avrusning, akutt behandling, utredning og spesialisert behandling (poliklinisk eller institusjon), institusjonsplasser der rusavhengige kan holdast tilbake utan samtykke (tvang) og legemiddelassisterert rehabilitering. Det aktuelle ved Tronvik er å vurdere utviding med 10 plassar spesialisert rusbehandling døgn (TSB). Dette kan finansierast ved omprioritering av plassar kjøpt av private/Ideelle eller omdisponering av eksisterande plassar i Helse Vest.

Ved utviding av Rus døgn Tronvik kan ein vurdere ulike tilnærmingar og behov. Dette bør som nemnd avklarast nærmare i dialog med Helse Vest etter at ein har kartlagt behova i samband med regional plan TSB og utlysing av TSB-døgnbehandling til private/ideelle»

Høyanger kommune vil til slutt peike på eit notat som tidlegare adm. dir. Jon Bolstad i Helse Førde, sendte til nåværende adm. dir i Helse Vest, Herolf Nilsen den 25.02.13. Notatet hadde overskrifta «**Rustilbod ved Tronvik – regionale behov**»?

I dette notatet peika Bolstad på aktuelle tilbod innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) som kunne leggast til Tronvik. Bolstad peika på;

- Eigne tilbod til kvinner
- Generell rusbehandling
- ROP-lidinger (rus og psykiatri)
- Tilbakeholding av pasientar etter helse- og omsorgslova § 10.2

Bolstad skreiv også at Helse Førde har dekka sitt behov for sengeplassar innan TSB, men la til grunn at regionen hadde behov som synt i kulepunktene ovenfor.

Vidare syner eg til brev sendt Helse Vest 26.02.20 frå Høyanger kommune og Sogn Regionråd, der vi også etterspør kva planar helseforetaket vårt har med Tronvik. Høyanger kommune har også sendt brev til styreleiar og til styremedlemmar i Helse Vest 4. desember 2020 om framtidig drift ved Tronvik. Vi fekk svar frå Helse Vest 22.12.20 om at framtidig drift ved Tronvik vert greidd ut i eigen prosess parallelt med arbeidet med denne nye regionale planen for tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB).

Høyanger kommune vil takke for invitasjonen til å kome med innspel til planen. Vi legg til grunn at Helse Vest ser vårt engasjement i saka særleg knytt opp mot å vere ein god versts-kommune for Helse Vest / Helse Førde sin aktivitet ved Tronvik. Vi ser også fram til å vere ein like god versts-kommune for ei auka aktivitet ved institusjonen i åra som kjem.»

Med helsing

Ivar Kvalen
Leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift.



Olje- og energidepartementet

Statnett si konseptvalutgreiing (KVU) med behovsvurdering og ekstern kvalitetssikring for Bergen og omland - høyringssvar

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Høyanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal, og har følgjande høyringssvar:

Sogn regionråd stiller seg positiv til at det er fokus på å utvikle straumnettet på Vestlandet. Dette vil sikre vidare utvikling av næringsliv i regionen basert på bærekraftige og grøne innsatsfaktorar. Dette vil bidra til å auke konkurransesfortrinn og arbeidsplassar for den samla Vestlandsregionen. Gjennom ei ny 420 kV linje mellom Sogndal og Bergen vil ein redusere risiko for flaskehalsar i nettet i regionen. Samtidig vil ein auka kapasitet for å utnytte framtidige planlagde utanlands kablar frå Vestlandet på ein samfunnsøkonomisk tilfredsstillande måte.

Regional beredskap:

Geldande konsept legg opp til at det kun skal vere ein trafo på 420 kV i Refsdal (Vik kommune). I dag har Vik kommune forsyning frå 300 kV trafo Hove, samt at Sognekraft har ei regional linje på 66 kV mellom Sogndal og Hove (Vik). Den regionale linja på 66 kV, inkl. fjordspennet på 5 km som vart sett i drift i 1957, er meldt til NVE som planlagt riven ved framtidig utbygging av Feios kraftverk.

Ved større naturhendingar vert Vik å rekna som øysamfunn då begge utfartsårene (Vikafjellet og ferjesambandet) kan vere stengde. Det vert då avgjerande viktig å sikra stabil god straumforsyning i dette området.

Det må etablerast to transformatorar på spenningsnivå 420/132 KV i Refsdal. Dette for å sikre at ikkje heile lokalsamfunnet vil miste straumen om ein trafo i Refsdal skulle få eit havari eller brann. Vidare vil ein ved å nedgradere eksisterande 300 kV mellom Sogndal og Vik til ny 132 kV, etablere ei auka regional forsyning og beredskap utan å auke kostnader. Regionen kan då sikre betre regional forsyning , der ein vil kunne tilpasse nettet til å distribuere straumen til allmennforbruk direkte frå kraftverk i regionen, uavhengig av sentralnettet.

Miljø:

Det er viktig at ny 420 kV linjetrasè vert etablert i parallel til eksisterande 300 kV trasè, for å sikre at nye område ikkje kjem i innrep med nyetablering. Ved nedgradering av 300 kV til 132 kV mellom Sogndal og Vik, der ein samstundes kondemnerer Sognekraft si 66 kV linje mellom Njøs (Sogndal kommune) og Hove i Vik, som har same funksjon, vil ein samle alle fjordspenn i området. Ein vil difor reelt redusere miljøbelastninga med å behalde eksisterande 300 kV.

Lokal medverknad:

Det er ein føresetnad for positiv innstilling til ei nyetablering at kommunane som lokale forvaltar har eit tett samarbeid med Statnett og konsesjonsmyndigheter for å sikre at utbygginga i minst mogeleg grad unødvendig belastar lokal busetnad og lokale verdiar.

Distriktsutvikling:

Det er viktig at det vert prioritert å etablera kraftkrevjande industri i områda der krafta vert produsert og der det allereie er viktige fagmiljø.

Kommunane med kraftkrevjande industri i Sogn og Fjordane har utvikla unike fagmiljø som kan legga grunnlaget for viktige nyetableringer i området.

Eventuell framtidig kraftkrevjande industri nær kraftproduksjonen må prioriterast, dette er viktig både med tanke på distriktsutvikling, energitap i overføringslinjene og av beredskapsomsyn, for å redusera økonomisk tap ved utfall av straum på linjenettet.

Med helsing

Ivar Kvalen
leiar Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Partnarskapsavtale for fleire lærepassar i Sogn

Bakgrunn og føremål

Kvar haust er det om lag 200 ungdommar som har behov for lærepass i Sogn. Fylkeskommunen har ansvar for vidaregåande opplæring og tilbodet for lærlingane. Kommunane skal styrke tilbodet til eigne innbyggjarar, og bidra til kompetansebygging og rekruttering av arbeidskraft som det er behov for i lokalt og regionalt arbeidsliv. Både for ungdommane, dei føresette og for bedriftene vil det vere tenleg å avklare lærepass så tidleg som mogleg. Dette vil verke motiverande for mange ungdommar å vite at det står "klar" ein konkret lærepass. Auka motivasjon vil vi vonleg sjå igjen i auka gjennomføring i vidaregåande opplæring, eit av dei viktigaste skule- og ungdomspolitiske måla i landet.

Sogn regionråd vil bidra til at det blir fleire lærepassar i kommunane og i private verksemder. Regionrådet har som strategi at tilbodet i vidaregåande skule i regionen skal samsvara best mogeleg med det næringsliv, offentlege verksemder, ungdom og utdanningssøkjande etterspør. NHO og LO vil bidra i samarbeidet med å forankra lærlingeordninga (fagopplæringa) i alle relevante bransjar, slik at det blir skaffa flest mogleg lærepassar til elevar som ønskjer det. Yrkesopplæringsnemnda er partssamansett og har særleg ansvar for å gi råd og uttale til hovudutval for opplæring i saker som vedkjem fag- og yrkesopplæringa. Yrkesopplæringsnemnda skal arbeide med rekruttering av lærepassar og lærlingar, og kvalitet i fagopplæringa.

Formålet med å arbeida gjennom partnarskapen er å samordne innsatsen slik at vi aukar tal lærepassar i Sogn og sikrar rekruttering av fagarbeidarkompetanse i arbeids- og næringsliv.

Avtalepartar

Avtalen er mellom Vestland fylkeskommune, NHO Vestlandet, LO Vestland og Sogn regionråd med medlemskommunane Aurland, Høyanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

Tiltak og samarbeidsområde

Dei viktigaste tiltaka og samarbeidsområda vil vera:

- kommunane deltek på samlingar om lærlingordninga
- temaet blir jamleg sett på dagsorden i regionrådet og i kommunane sine nettverk og samarbeidsfora
- LO og NHO deltek i samarbeidsforum saman med kommunane, fylkeskommunen og regionrådet
- LO og NHO profilerer og argumenterer fagleg for behovet for lærepassar overfor kommunane og verksemndene
- informera bedrifter om lærlingordninga for å få fleire bedrifter til å ta inn lærlingar
- informera ungdomsskuleelevar om moglegheitene som fag- og yrkesopplæringa gir og bidra til god rekruttering til yrkesfagleg utdanning
- synleggjera behovet for fagarbeidarar og gode yrkeskvalifikasjonar i arbeidslivet
- få fram betre og meir synlege overgangar frå yrkesutdanning til lengre utdanning innanfor fagskule og universitets- og høgskulesektoren
- styrka omdømme for yrkesfagleg utdanning
- fylkeskommunen gjer aktuell statistikk og analyse tilgjengeleg for å auke kunnskapsgrunnlaget om fagopplæring
- kommunane sitt mål er 2,5 lærling pr tusen innbyggjar
- arbeida for at det blir etablert samarbeid mellom lærebefrifter om lærepassar
- aktivt arbeide for at fleire arbeidstakrar tek fagbrev til dømes gjennom praksiskandidatordninga

Organisering av samarbeidet

Partane etablerer tenleg samarbeidsstruktur. Partane innarbeider avtalen i sine planar og har ein jamleg dialog for å vidareutvikla samarbeidet. Partane skal syte for å:

- Sikre politisk/administrativ forankring i eigen kommune/organisasjon
- Informera aktivt i alle relevante ledd i eigen kommune/organisasjon
- Informerer kvarandre gjensidig i høve aktuelle arrangement og møte som gjeld arbeidet med å styrka lærlingordninga
- Bringe relevante satsingar inn i samarbeidet
- Bidra til å stilla til rådvelde nødvendige ressursar for å kunne gjennomføre planlagde aktivitetar

Avtaleperiode og evaluering

Avtalen gjeld fram til 31.12.2022. Partane evaluerer føremål, tiltak og resultat og eventuelt justerer partnarskapsavtalen i det årlege møte.

21. oktober 2020



Sogn regionråd



Vestland fylkeskommune



LO Vestland



NHO Vestlandet

Fra: Trond Ueland [Trond.Ueland@sunnfjord.kommune.no]

Til: Jostein Eitrheim [jostein.eitrheim@hardangerraadet.no]; Tora Haslum Myklebust [tora@samarbeidsraadet-sunnhordland.no]; Rune Heradstveit [rune.heradstveit@nordhordland.net]; Karina Nerland [Karina.Nerland@sogndal.kommune.no]; Per Arne Tveit [Per.Arne.Tveit@fjaler.kommune.no]; janne.endal.andersson@stad.kommune.no [janne.endal.andersson@stad.kommune.no]

Kopi: Alfred Bjørlo [alfred.bjorlo@stad.kommune.no]; Olve Grotle [olve.grotle@sunnfjord.kommune.no]

Sendt: 22.01.2021 13:20:34

Emne: Regionråd og samling 4 mai 2021

Vedlegg: KDU_FS Vestland - Regionsamarbeid. Framlegg til vidare prosess.PDF

Hei!

Jostein og eg har vore opptekne av å få sendt ut aktuell informasjon om prosessen vidare mot fylkeskommunen. Det som er gledeleg, er at KSD har engasjert seg mykje i regionrådet og har hatt god kontakt mot fylkeskommunen. Eg legg ved eit møtereferat som KS har skreve og som har gått internt i organisasjonen. Det viktige her er datoен for ei felles samling av regionråda, KS og fylkeskommunen. Den er tenkt lagt til 4. mai 2021.

Fint om de orienterer leiarane i kvart einskild regionråd.

Med vennleg helsing

Trond Ueland

Einingsleiar samfunn og næring

Tlf: +47 913 37 410 / 57 61 27 05

Sunnfjord kommune

Sentralbord: +47 57 72 20 00

www.sunnfjord.kommune.no



Ta miljøhensyn – vurder om du virkelig må skrive ut denne e-posten



Saksframlegg

Dokumentnr.: 20/00634-9

Saksbehandler: Øystein Høyvik

Dato: 08.01.2021

Sak nr.	Handsama av:	Møtedato
	Kommunedirektørutvalet i Vestland	19.01.2021
	Fylkesstyret i Vestland	25.01.2021

KDU/FS VESTLAND - REGIONSAMARBEID. FRAMLEGG TIL VIDARE PROSESS

Forslag til vedtak

Kommunedirektørutvalet/Fylkesstyret tek orientering datert 08.01.21 til vitande.

Bakgrunn for saka

Kommunedirektørutvalet og Fylkesstyret fekk ei første løypemelding om arbeidet i november 2020, og kor det vart sagt at ny orientering vil bli gitt i første møte i 2021.

Saksframstilling

Kommunedirektørutvalet (KDU) i Vestland gjorde i møte 04.09.20, sak 20/28, slikt vedtak:

I samsvar med saksutgreiing datert 10.08.20 ber Kommunedirektørutvalet i Vestland KS sin administrasjon om å legge til rette for ein prosess der regionråda får høve til å drøfta rolle og samvirke i Vestland fylke.

Kommunedirektørutvalet/Fylkesstyret i Vestland har følgjande innspel til KS-administrasjonen sitt arbeid:

- *KS må vere ein tilretteleggar. Kommunar er eigarar av arbeidet*
- *Må utarbeidast eit mandat for KS si rolle og arbeid*
- *Grensesnittet til fylkeskommunen si rolle bør vere ein del av arbeidet*

Fylkesstyret i Vestland gjorde i møte 14.09.20, sak 20/32, slikt vedtak:

I samsvar med saksutgreiing datert 10.08.20 ber Fylkesstyret i Vestland KS' administrasjon om å legge til rette for ein prosess der regionråda får høve til å drøfta rolle og samvirke i Vestland fylke.

Fylkesstyret i Vestland har følgjande innspel til KS-administrasjonen sitt arbeid:

- *KS kan vere tilretteleggar og fasilitator for at regionråda får ein vidare plattform for samvirke i Vestland. Kommunane er eigar av arbeidet.*
- *Det må utarbeidast eit mandat for KS si rolle og arbeid.*
- *Grensesnittet til fylkeskommunen si rolle bør vere ein del av arbeidet.*
- *Partnarskapsavtalar med fylkeskommunen er eit viktig grunnlag for arbeid i regionråda.*

Kommunedirektørutvalet og Fylkesstyret tok orienteringa i november 2020 til vitande.

Fylkesutvalet i Vestland fylkeskommune handsama i møte 26.11.20 orienteringssak kor ein legg opp til at Vestland fylkeskommune saman med KS Vestland som tilretteleggar inviterer kommunane og regionsamarbeida til felles møte tidleg i 2021. Innhaldet i eit slikt møte vil mellom anna vere avhengig av kor langt kommunane og regionsamarbeida sjølv er kome i sitt avklaringsarbeid.

Grunna den usikre situasjonen rundt Covid-19 har ein i møte mellom Vestland fylkeskommune v/ fylkesdirektør Paal Fosdal og KS Vestland kome fram til at samlinga først kan skje tidleg i 2. kvartal 2021, og kor vegen vidare vil mellom anna vere avhengig av avgjelder som skjer her.

Planleggingsarbeidet held fram jf. tidlegare orienteringar, og med KS Vestland i nært samarbeid med fylkeskommunen som tilretteleggar.